



Kinn kommune

Arkiv: FE-210
JournalpostID: 21/26388
Sakshandsamar: Norvall Bakke
Dato: 01.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/21	Formannskapet	08.06.2021
098/21	Kommunestyret	15.06.2021

Kinn Bordgleder KF - årsrekneskap og årsmelding 2020

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2020 for Kinn bordgleder KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2021

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2020 for Kinn bordgleder KF slik dei ligg føre.

Formannskapet 08.06.2021:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 052/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2020 for Kinn bordgleder KF slik dei ligg føre.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Innspel frå Kontrollutvalet v/leiar Kjell Heggen, at val av medlemer til styret, bør gjennomførast på anna måte ved neste høve.

Røysting:

Formannskapet si innstilling samrøystes vedtatt.

KOST- 098/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2020 for Kinn bordgleder KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Kinn bordgleder KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Kinn bordgleder KF per 31.12.2020. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 10.05.2021 utan atterhald, men med ei presisering om at rekneskapen var avlagt etter fristen i kommunelova 22. februar 2021.

Kontrollutvalet har gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 28/21:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 10.05.2021.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 74 894, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - balanse per 31.12.2020
 - oversikt over løyvingar til drift og investeringar
 - økonomisk oversikt drift
 - oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
 - notar
3. Kontrollutvalet har merknader til den framlagde årsmeldinga, men meiner likevel at den kan godkjennast.
4. Kontrollutvalet meiner at utviklinga i foretaket si inntening dei to siste åra tilseier at foretaket må ha sterkt fokus på den totale økonomistyringa.
5. Kontrollutvalet gjer Kommunestyret merksam på at det er ubalanse i kjønnsrepresentasjonen i foretaket sitt styre. Vi viser til kommunelova § 7-5 og 7-7.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2020 viser eit netto driftsresultat (underskot) på –kr 74.894 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekka beløp på kr 11.033.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2020 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2020 utgjer kr 706.227.

Udekka i investeringsrekneskapet kjem av manglande budsjettering av overføring frå drift til investering for dekking av eigenkapitalinnskot KLP pensjonsordning.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Vedlegg i saken:

Rekneskap 2020 - Kinn bordgleder KF

Årsmelding 2020 - Kinn bordgleder KF

Revisjonsmelding Bordgleder Kinn kommune KF

Kontrollutval - Bordgleder Kinn kommune KF. Årsrekneskapen og Årsmelding 2020(4954)

Kontrollutval - Bordgleder Kinn kommune KF. Årsrekneskapen og Årsmelding 2020 - Saksframlegg